

Saksprotokoll i fylkestinget - 27.10.2017

Inge Reidar Kallevåg (H) sette fram slikt forslag:

«Punkt 4
Tillegg til Reglement for fellesnemnda, punkt 14:
Fellesnemnda får mynde til å tilsetje administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.»

Pål Kårbø (KrF) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 1:
Den nye fylkeskommunen sitt namn skal vera Vestlandet/Vestland fylkeskommune.»

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

1. «Den nye fylkeskommunen sitt namn skal fastsetjast etter drøftingar/vedtak i fellesnemnda på tingsetet i desember.
2. Storleiken på det nye fylkestinget skal fastsetjast etter drøftingar/vedtak i fellesnemnda på tingsetet i desember.
3. Fell dette fremjar SV:
Nytt punkt 2: det nye fylkestinget skal ha 71 medlemmer.

Elles som innstilling.»

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget utset å gjere nye vedtak om eventuell samanslåing mellom Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar inntil føresetnaden om nye oppgåver / ansvarsområde frå Regjering og Storting er oppfylt.»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Kollbotn sitt forslag fekk 4 røyster (R, SV) og fall.

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Punkt 3, ny andre setning:
I tillegg skal gruppeleiarane/ein representant frå dei partia i begge fylka som ikkje er representert i fylkesutvala vere medlemmer av fellesnemnda.»

Pål Kårbø trekte forslaget sitt.

Røysting (saka)

Oen sitt forslag punkt 1 og 2 fekk 7 røyster (SV, R, MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke mot 4 røyster (SV, R).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke med 50 røyster mot 7 røyster (SV, MDG, R) for Oen sitt forslag punkt 3.

Tomren sitt forslag punkt 3 fekk 10 røyster (MDG, SV, V, R) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 fekk 53 røyster (A, Sp, KrF, H, Frp, V, MDG) og vart vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 med Kallevåg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 og 6 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med utgangspunkt i Stortinget sitt vedtak av 08.06.17 i høve regionreforma, Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar sin vedtekne intensjonsplan for samanslåing og inndelingslova sine krav, gjer fylkestinget følgjande vedtak:

1. Den nye fylkeskommunen sitt namn skal vere Vestlandet fylkeskommune.
2. Det nye fylkestinget skal ha 65 medlemmer.
3. Fellesnemnda for samanslåingsprosessen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar skal bestå av dagens to fylkesutval med til saman 24 medlemmer: 15 frå Hordaland og 9 frå Sogn og Fjordane. Nemnda får leiar frå Hordaland og nestleiar frå Sogn og Fjordane. Varamedlemene til fylkesutvala skal også vere varamedlemmer til fellesnemnda.

Fylkestinget vedtek med dette også det vedlagde reglementet for fellesnemnda.

4. Fellesnemnda for den vidare samanslåingsprosessen får i oppgåve å etablere eit partssamansett utval, underlagt nemnda. Fellesnemnda vedtek mandat og samansetting for utvalet.

Tillegg til Reglement for fellesnemnda, punkt 14:

Fellesnemnda får mynde til å tilsetje administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.

5. I tillegg til dei fire lovpålagde vedtakspunkta over, stadfestar fylkestinget at formannskapsmodellen skal vere politisk styringsmodell i den nye fylkeskommunen.

Ein legg elles til grunn at føreliggjande intensjonsplan vert følgd i det vidare samanslåingsarbeidet.

6. Fylkestinget sitt vedtak føreset likelydande vedtak i fylkestinget i Sogn og Fjordane.